

Bergen, 21.01.21

Vår ref: 2020/1628  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/109/20/10577/43/RLØ

Samnanger kommune

## Samnanger – kommunedelplan for akvakultur i sjø

Viser til brev av 26.11.20, med vedlegg, frå Samnanger kommune om ovannemnde sak.

### Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar kan til tider oppleve å motta klagar frå bebuarar og fritidsbebuarar. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin hevdvunne rett til bruk av sjøområde i si verksemd.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

### Samnanger

Samnanger kommunen varslar om oppstart og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for akvakultur i sjø. Kystzoneplan laga i 2012, blei integrert i arealplan av 2018. Arealbruk i

sjøområda har difor ikkje blitt revidert sidan 2012. Formålet med kommunedelplan for akvakultur er «å avklare og regulere arealbruk for eksisterande og framtidig matproduksjon i sjø (akvakultur)». Fiskarlaget Vest vil peike på at ein ser det som svært uheldig at ein vurderer eit og eit tema for sjøområda, og ikkje handsamar alt under eitt.

Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig med god planlegging i sjø basert på tilstrekkeleg kunnskap om det marine økosystem og marine tilhøve elles. Berekraft og sameksistens med fiskerinæringa må leggjast til grunn. Ein visar her til at det er registrert reke-trålfelt, kaste-/låssettingsplassar og gyte- og beiteområde. I tillegg blir det fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps. Kaste-/låssettingsplassar indikerar at det blir drive notfiske i området.

Arealmessig er det viktig at akvakulturanlegg inkludert fortøyingar ikkje kjem i konflikt med fiskeområde. Særleg viktig er det at reke-trålfelt og kaste-/låssettingsplassar blir halde fri for fortøyingar og leidningar/kablar i sjø. I tillegg har ein det miljømessige aspektet med utslepp frå anlegga.

Fiskarlaget Vest visar til Statsforvaltaren i Vestland sin uttale til saka av 04.01.21, og støttar merknaden om at ein må søke mot felles planarbeid i sjø på tvers av kommunar. Kyst- og havmiljøet forhold seg ikkje til geografiske grenser i sjø, det er difor viktig å sjå større område under eitt og ta avgjerder basert på eit heilheitleg kunnskapsgrunnlag, spesielt inne i eit fjordsystem.

Ein peikar på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Til orientering står det på side 14 at det ikkje er registrert fangst av sjøaure eller laks i Tysseelva/Samnangervassdraget. Dette må sjåast i samanheng med at det ikkje har vore opna for fiske i Tysseelva, jf. *forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag*. I tillegg peikar ein på at fiske etter andadrom laksefisk i sjø er strengt regulert. I tidlegare Hordaland fylke er det stort sett ikkje opna for fiske i sjø.

Fiskarlaget Vest ber om å bli informert i det vidare arbeidet med planen.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo  
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland  
Rådgjevar

Kopi: Midthordland Fiskarlag, Fiskeridirektoratet region Vest, Statsforvaltaren i Vestland